



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 19.03.2019
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef
Siri Birkeland Solheim	Prosjektleder eigedom PS 30/19
Jarl Martin Møller	Kommunalsjef teknisk PS 33/19, PS 34/19, PS 36/19 og OS 36/19.
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann PS 32/19
Nina Kvalen	Spesialrådgjevar innvandring og integrering PS 35/19
Steinar Ose-Velle	Barn og unge sin repr. I plansaker PS 29/19 og PS 30/19.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 27/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 28/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 29/19	Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular
PS 30/19	Volda ungdomsskule - Vidare prosess



VOLDA KOMMUNE

- PS 31/19 **Temaplan trafikktrygging 2020 - 2023, Volda kommune**
- PS 32/19 **Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre – Prosjekt**
- PS 33/19 **Flaggreglement for Volda kommune**
- PS 34/19 **Klage på søknad om å få nytte kommunal flaggstong.**
- PS 35/19 **Organisering av lærlingordninga i Volda kommune**
- PS 36/19 **Overføring av investeringsrammer frå 2018 til 2019**
- PS 37/19 **Årsmelding og skatterekneskap 2018**
- PS 39/19 **Volda svømmehall - Tilbod om teknisk vurdering.**
- PS 40/19 **Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2018**
- PS 41/19 **Orienteringssaker**
- OS 26/19 **Undervisningskompetanse i Voldaskulen**
- OS 27/19 **Oversendingsframlegg til administrasjonen vedrørende budsjetthandsaminga**
- OS 28/19 **Uro over urealistiske økonomiske rammer i heile Møre og Romsdal**
- OS 29/19 **Trondheim kommune står fult og heilt bak prosjektet Helseplattforma**
- OS 30/19 **Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum**
- OS 31/19 **Statens vegvesen - vidare arbeid med felles samferdselspakke Volda og Ørsta**
- OS 32/19 **Referat ordførar rådmannsmøte 08.02.19**
- OS 33/19 **Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 21.02.19**
- OS 34/19 **Høyring - Endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting**
- OS 35/19 **Ønske om samarbeid mellom vennskapskommunene Volda og Latvia**
- OS 36/19 **Ørsta kommune - Melding om politisk vedtak om brøyting i**



VOLDA KOMMUNE

Aldalen - Støttar ikkje

OS 37/19 **Tilbakemelding på varsel om nedlegging av telesentralar i Volda kommune**

OS 38/19 **Venterom Vikeneskaia**

PS 27/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Ordføraren kom med framlegg om at formannskapsmøte den 09.04.2019 vert flytta til 02.04.2019, og at formannskapsmøtet den 30. april vert eit sær møte om kommuneplanen sin arealdel.

Formannskapet slutta seg til dette.

Sakliste

Ordføraren trekte sak PS 38/19 Løyving til Voldsfjordkryssing AS – Kommunestyret 13. desember 2018, sak PS 137/18 frå saklista.

Ordføraren vil orientere om prosess kring nedlegging av Mork rehabiliteringssenter. Orienteringa vart gitt under handsaming av orienteringssak OS 28/19.

Odd A. Folkestad kom med framlegg om å sette tilhøva ved venterommet på Vikeneskaia på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg frå ordføraren og Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

PS 28/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokoll frå sist møte 05.02.2019 vart samrøystes godkjent.



PS 29/19 Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

1. *Drifta ved Vikebygda skule vert avvikla 31.07.2019.*
2. *Elevar som skal ta til i 1. klasse i sentrum vert frå 01.08.2019 fordelte mellom Bratteberg skule og Øyra skule.*
3. *Bratteberg skule vil nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021. Elevar som går i 3. og 4. klasse komande skuleår vil fullføre 4. klasse i lokala til Vikebygda skule.*
Elevar som komande skuleår går i 2. klasse, vert overført til Bratteberg skule når dei skal ta til i 4. klasse.
Så lenge elevane nyttar lokala til Vikebygda skule, vil dei ha skulefritidstilbodet sitt der.
4. *Viss situasjonen tilseier det, skal rådmannen vurdere om alle elevane kan førast over til Bratteberg skule på eit tidlegare tidspunkt enn skissert i punkt 3. Dette etter drøfting med FAU og SU.*
5. *Midlar til trafikksikring kring skulen skal leggst inn i investeringsbudsjettet for 2020.*
6. *Skulemodulane som no er lagra ved Øyra skule, skal nyttast til utviding av kapasiteten til Bratteberg skule viss ein finn det naudsynt.*

Handsaming:

Barn og unge sin representant i plansaker Steinar Ose-Velle møtte.

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte.

Sølvi Dimmen bad om å få fremje alternativt framlegg til punkt 3 etter at skrek var satt. Formannskapet gav tilslutning til dette.

Sølvi Dimmen kom med slikt endringsframlegg punkt 3.

Bratteberg skule nyttar lokale på Vikebygda fram til det vert plass til alle elevane på Bratteberg skule.

Elevar som startar på Bratteberg skule hausten 19 og hausten 20 vil vere i lokala på Vikebygda. Her vert også SFO.



VOLDA KOMMUNE

Elevar vert overført til Bratteberg skule når dei tek til i 3. Klasse

Røysting (ni røysteføre):

Prøverøysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster, 2 røyta mot (Sølvi Dimmen og Odd A. Folkestad).

Endeleg røysting:

Punkt 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad og Sølvi Dimmen røyta mot.

Punkt 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 8 røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad røyta mot.

Det vart røyta om punkt 3 skal vere ein del av vedtaket. Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 8 røyster. Odd A. Folkestad røyta mot.

Sølvi Dimmen trekte framlegget sitt.

Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røyta mot (Odd A. Folkestad, Sølvi Dimmen og Odd Harald Sundal).

Punkt 4 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 8 røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad røyta mot.

Punkt 5 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 8 røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad røyta mot.

Punkt 6 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 8 røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad røyta mot.

PS 30/19 Volda ungdomsskule - Vidare prosess

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

Med visning til saksutgreiinga, vedtek kommunestyret at følgjande skal leggest til grunn for den vidare planlegginga av Volda ungdomsskule:

- 1. Kommunestyret gjer vedtak om at det skal planleggast med å bygge ny skule på same tomt som ungdomsskulen står på i dag.*



VOLDA KOMMUNE

2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å planlegge den nye skulen med bakgrunn i dei funksjonane for skulen som er inkludert i foreløpig rom- og funksjonsprogram. I tillegg til areala for skulen, skal det planleggast med areal til mat og helse for Øyra skule inn i den nye skulen*
3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i planlegginga*
 - a. *Areal- og energieffektive løysingar som gir god driftsøkonomi*
 - b. *Optimale sambruksløysingar mellom ulike funksjonar*
 - c. *Utforming som legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette*
 - d. *Løysingar som gir grunnlag for ei god Pedagogisk plattform og fagleg utvikling for skulen*
 - e. *Fleksibilitet i bygningskropp og romstruktur*
4. *Kommunestyret viser til saksutgreiinga og ber om at den nye skulen vert dimensjonert for 360 elevar.*
5. *Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for ein ny skule på tomta. Ved behov kan det leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.*
6. *Administrasjonen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for vidare planlegging innanfor dei økonomiske rammene som er løyvd i budsjettet.*

Handsaming:

Barn og unge sin representant i plansaker Steinar Ose-Velle møtte.

Prosjektleiar Siri Solheim svara på spørsmål frå formannskapet.

Benedikte Holmberg kom med slikt tillegg til punkt 2:

Det skal også planleggast ein kulturhusdel der ein legg til grunn førebels rom- og funksjonsprogram i skisseprosjekt frå Byggenemda for kulturhus.

Det skal i planlegginga leggjast stor vekt på synergjar mellom ungdomsskule og kulturhusdel.

Røysting (ni røysteføre):

Tilleggsframlegget frå Benedikte Holmberg fekk 1 røyst (Benedikte Holmberg) og fall, 8 røysta mot.

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

PS 31/19 Temaplan trafikktrygging 2020 - 2023, Volda kommune

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

- 1. Det vert vist til vedtak i formannskaps-sak PS 106/14 den 27.05.2014. Med bakgrunn i at det ikkje har vore resursar i administrasjonen til å følgje opp vedtak i sak om trafikktryggingssplan for Volda kommune og at ein ikkje har kome i mål med planprosessen vert det vedteke å slutføre arbeidet ved å endre status frå kommunedelplan for trafikktrygging til temaplan for trafikktrygging.*
- 2. Oppstart av arbeidet med temaplan for trafikktrygging kan iverksettast snarast råd.*

Handsaming:

Sakshandsamar Torgeir Stensø møte.

Sølvi Dimmen gjekk frå kl. 14.30.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 32/19 Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre - Prosjekt

Vedtak i formannskapet - 19.03.2019:

Volda/Ørsta formannskap er positive til eit kollektivprosjekt som framlagt for betra og meir tilpassa kollektivtilbod i området.

Handsaming:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal orienterte om saka.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 33/19 Flaggreglement for Volda kommune

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

Flaggreglement for Volda kommune vert godkjent som det ligg føre.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Kommunalsjef Jarl Martin Møller svara på spørsmål frå formannskapet.

Sølvi Dimmen møtte kl. 14:45.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 34/19 Klage på søknad om å få nytte kommunal flaggstong.

Vedtak i formannskapet - 19.03.2019:

Volda formannskap gjev løyve til at Bygdepride Ørsta/Volda får nytte fest-flaggstengene i Hamnegata til regnbogeflagget i dagane frå 9. til 12. mai.

Formannskapet syner til saksutgreiingar og finn ikkje å imøtekomme Bygdepride Ørsta/Volda sin primærsøknad om å nytte regnbogeflagget i flaggstonga ved Volda rådhus under Bygdepride i dagane 9. til 12. mai.

Handsaming:

Kommunalsjef Jarl Martin Møller var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Anders Egil Straume røysta mot.

PS 35/19 Organisering av lærlingordninga i Volda kommune

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret i Volda ber administrasjonen søke medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.2019.*
- 2. Rådmannen vert beden om å utpeike representant med vara til styret for opplæringskontoret, og representantar til årsmøte.*

Handsaming:

Sakshandsamar Nina Kvalen orienterte.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 36/19 Overføring av investeringsrammer frå 2018 til 2019

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2018 til 2019 slik det går fram av tabell i saksframlegg.

Handsaming:

Kommunalsjef Jarl Martin Møller svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 37/19 Årsmelding og skatterekneskap 2018

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2018 til vitende.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 39/19 Volda svømmehall - Tilbod om teknisk vurdering.

Vedtak i formannskapet - 19.03.2019:

Formannskapet løyver kr. 60.000,- til teknisk vurdering av Volda svømmehall. Dette for å få vurdert om det er mogleg innanfor forsvarlege økonomiske rammer å forlenge «levetida» for Volda svømmehall og leigetida med Høgskulen i Volda med inntil 2,5 år i påvente av nytt svømmeanlegg i Volda.

Frist for leveranse av rapport vert primært sett til 15. april d.å.



VOLDA KOMMUNE

Dekning: Formannskapet sin reservepost.

Dersom ein ikkje har klart å avdekkje behov for ytterlegare undersøkingar i forkant av igansetting av arbeidet med rapporten, så skal det godkjennast særskilt av Volda kommune.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 40/19 Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2018

Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2018 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PS 41/19 Orienteringssaker

OS 26/19 Undervisningskompetanse i Voldaskulen

OS 27/19 Oversendingsframlegg til administrasjonen vedrørende budsjetthandsaminga

OS 28/19 Uro over urealistiske økonomiske rammer i heile Møre og Romsdal

Ordføraren og rådmannen orienterte om saksprosessen og status for saka.



VOLDA KOMMUNE

OS 29/19 Trondheim kommune står fult og heilt bak prosjektet Helseplattforma

OS 30/19 Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum

OS 31/19 Statens vegvesen - vidare arbeid med felles samferdselspakke Volda og Ørsta

OS 32/19 Referat ordførar rådmannsmøte 08.02.19

OS 33/19 Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 21.02.19

OS 34/19 Høring - Endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting

OS 35/19 Ønske om samarbeid mellom vennskapskommunene Volda og Latvia

OS 36/19 Ørsta kommune - Melding om politisk vedtak om brøyting i Aldalen - Støttar ikkje

Kommunalsjef Jarl Martin Møller orienterte om at det er inngått avtale med lokal skredekspertise, og at vegen vert brøytt so lenge det er avsett midlar til dette.

OS 37/19 Tilbakemelding på varsel om nedlegging av telesentralar i Volda kommune

OS 38/19 Venterom Vikeneskaia

Odd A. Folkestad viste til manglande reinhald ved venterommet på Vikeneskaia. Ordføraren vil arbeide vidare med saka.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 16:15

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
20.03.2019

Sonja Håvik
Førstekonsulent